

## **Referat frå soknerådsmøte 02.03.2016 kl.19.00.**

Håkon Birkeland ynskte velkommen, deretter ei åpning v/Torstein E. Nordal.

Til stades: Marit Gotuholt, Inger Lise Berge, Reidun Fisketjønn, Kirsten Salmelid, Håkon Birkeland, Hallvard N. Jørgensen, Torstein Nordal, Hans Kristian Aabø, Vidar S. Mikalsen, Hanne Roholdt, Gunn Karin Eikåsen. Kommunens rep. Tore Åslund.

Møtte ikkje: Magnhild Kvalbein.

Fellesrådssaker vert marka med (FR) etter saksnummeret.

### **Sak 09/16. Innkalling og saksliste.**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

### **Sak 10/16. Godkjenning av referat frå soknerådsmøte 27/01 2016.**

Ingen merknader, godkjent.

### **Sak 11/16. Post og meldingar.**

- Tilbod om forsikringar til soknerådsmedlemmar.
- Takkebrev frå ulike mottakerar ang. takkeoffer.
- Festgudstjeneste m/ kyrkjekaffe(ca.70stk.) etter bispevisitasen, ei vellykka veke.
- Konsert m/ «Veslehøtt» i Vrådal.
- Konsert m/ Kjetil Flatland i Kviteseid kyrkje.
- Askeondag, gudsteneste, konfirmantane deltok.
- Innsetting av ny kyrkjeverge Kirsten Salmelid.
- Takka av tidlegare kyrkjeverge Olav Nordskog. Hans Kristian Aabø sto for det som formann i fellesrådet.
- Gudstjeneste i Vrådal, utdeling av «Mi kyrkjebok» til 4-åringane.

### **Sak 12/16. (FR) Avvikling av fellesrådet.(vedlegg)**

Forslag til vedtak:

Kviteseid Sokn vert registrert i Brønnøysund registeret med det organisasjonsnummeret Kviteseid Kyrklege Fellesråd har hatt: 876 991 772. Kyrkjevergen er verksemda sin daglege leiar og møter på alle soknerådsmøtene. Kyrkjevergen sørger for att dei naudsynte endringane som fylgjer av denne vert gjennomførde. Dette gjeld også dei økonomiske forholda. Frå 01.04.2016 skal soknerådet ha eit felles regnskap og budsjett.

Samrøystes vedteke.

Kviteseid Kyrklege Fellesråd 2015, regnskap (eige ark)

Forslag til vedtak: Regnskapet vert vedteke slik det ligg føre.

Mindreforbruket i driftsregnskapet på kr.319 000 vert avsatt til disposisjonsfondet.

Samrøystes vedteke.

### **Sak 13/16. (FR) Ny konstituering av Kviteseid Sokneråd (vedlegg).**

1. Soknerådet ser berre ein grunn til å endre på konstitueringa av soknerådet 02.11.2015.
  - Håkon Birkeland held fram som leiar av soknerådet.
  - Inger Lise Berge er nestleiar.
  - Hans Kristian Aabø sluttar som kasserar for soknerådet då alle rekneskap under

- soknerådet skal samlast på kyrkjekontoret.
- Gunn Karin Eikåsen er skrivar
  - 2. Soknerådsleiar Håkon Birkeland og kyrkjeverge Kirsten Salmelid førebur saman saker til soknerådsmøta. Kyrkjevergen skriv innkalling og sender ut.
  - 3. Kyrkjevergen er ikkje skrivar for soknerådet, men har ansvar for oppfølgjing av «fellesrådssaker».
  - 4. Kyrkjevergen kallar inn kommunens representant til saker som vedkjem kommunen (budsjett, økonomi, kyrkjer, kyrkjegardar og andre tidlegare fellesrådssaker). Ein tek sikte på at ca. annan kvart soknerådsmøte har saker av ein slik art, og desse sakene blir fyrst i møtet.
  - 5. Soknerådet opprettar eit Arbeidsutval (AU). Det skal bestå av soknerådsleiar, Vidar S. Mikalsen, ein av sokneprestane og kyrkjevergen.
  - 6. Det partssamansett utval (PU) setjas saman av soknerådsleiar, nestleiar, og Marit Gotuholt frå soknerådet. Dei tilsette har vald kyrkjevergen, og ein representant vald av og blant dei tilsette. Staben valgte Kristen Salmelid og Jan Gunnar Haugen.
  - 7. Det utarbeidast nytt regulativ for godtjersle då gammalt regulativ ikkje er tenleg i dag.  
Samrøystes vedteke.

#### **Sak 14/16. (FR) Delegasjonsreglement for Kviteseid Sokneråd. (vedlegg)**

Forslag til vedtak:

Soknerådet vedtek samrøystes framlegget til delegasjonsreglement for Kviteseid Sokneråd sitt arbeidsutval (AU) og partssamansett utval (PU). Underutvala som driv kyrkjelydsretta arbeid blir eigen sak seinare. Sjå vedlegget: «Skjematisk oppsett av delegasjonsreglement».

Konsertansvarlege vert til Kulturutval og kan inkludere organisten som ein ressurs i sitt arbeid. Til gudstenesteutvalet veljast i tillegg til prestane og organisten ein eller fleire frå kyrkjelyden.

#### **Sak 15/16. (FR) Reglar for møtegodtgjersle for Kviteseid Sokneråd.**

Forslag til vedtak:

Møtegodtgjersle gjeldande frå 01.04.2016.

1. Møtegodtgjersle for alle møtene i soknerådet og i AU og PU: kr. 350 for kvart medlem, kr. 600 for leiar av sokneråd og leiar av AU. Soknerådsleiar får i tillegg kr. 5000 pr. år.
2. Reisegodtgjersle vert gjeve etter staten sin til ein kvar tid gjeldande skattefrie satsar, for tida kr. 3,80 pr.km.

Samrøystes vedteke.

#### **Sak 16/16. Val av utsendingar til Diakonisamling Kviteseid Kyrkje 03.04.2016.**

Forslag: Marit Sørby og Marit Gotuholt.

Samrøystes vedteke.

#### **Sak 17/16. Ynskjer og visjonar for vår kyrkjelyd.**

Soknerådet skulle handsama kva vi ville marknadsføre i ei stillingsutlysning etter ny sokneprest. Men vi fekk i staden høyre at:

- Det vert kutta ei 50 % stilling i Kviteseid p.g.a. manglande økonomiske ressursar i bispedømet.
- Det blir berre ein 50 % vikar for soknepreststillinga Torstein E. Nordal forlet til ny vert tilsett.
- Det har vore svært manglande / därleg kommunikasjon og saksgang frå bispedømet si side.

- Visste biskopen allereie på visitasen at det låg an til å bli kutt i stillingar i Kviteseid?
- Soknerådsleiar vart presentert for dette for seint til å kunne handsama saka i soknerådet. Ein fekk då ikkje høve til å protestere eller koma med innsigelsar.
- Hans Kristian Aabø lagar eit utkast til eit brev som han og Håkon Birkeland sender «Bispedømmerådet» v/Stiftsdirektøren.
- Den ledige sokneprestestillinga er nå lyst ut og skaper interesse. Interesserte har teke kontakt.

**Sak 18/16. Kyrkjelydens årsmøte 06.03.2016.**

Vedlegg: årsregnskap og årsmeldingar. Er samrøystes godkjende av soknerådet, og skal leggas fram for kyrkjelyden.

**Sak 19/16. Kyrkjekaffe/fest 13.03.2016.**

Avslutning for sokneprest Torstein E. Nordal. Håkon Birkeland leiar festen og overrekker gåve frå soknerådet. Ellers div.praktiske ting. Soknerådet gjekk samrøystes inn for ei liknande gåve til sokneprest Hallvard N. Jørgensen då han sluttar 01.08.2016.

**Sak 20/16. Valskilt Kviteseid gamle kyrkje. –vedlegg.**

Forslag til vedtak: Kviteseid Sokneråd tek imot valsiktig til Kviteseid gamle kyrkje som gavet frå Riksantikvaren. AU og kyrkjegardsarbeiderane vert bedne om å montere skiltet på egna stad. Soknerådet betalar porto.

Samrøystes vedteke

**Sak 21/16. Eventuelt.**

- Spørsmål om kollekt til TV-aksjonen, Røde Kors.  
Soknerådet går ikkje inn for det. Samrøystes vedteke.
- Diakonipris er foreslege gitt til dei som har gjort ein innsats for flyktningane. Soknerådet vart enige om att det vart vanskeleg (i forhold til kven som har gjort «mest», mange har vore innvolverte). Det vert gjeve tilbakemelding om att soknerådet ikkje støttar såg det som eit forslag til diakonipris.
- Fasteaksjonen 15.03.2016.  
Innsamling v/konfirmantane, div, praktiske opplysningar.
- Konserter: Det vart gjeve litt informasjon om førespørslar ang.konserter/theater, sommar og haust 2016.
- Neste soknerådsmøte / før sommeren vert mentoren for trusopplæringa Audun Haga og Stine Beate inviterte.
- Fellesmøta 11 – 13. mars 2016: Div.praktiske oppgåver.

Ref. G.K. Eikåsen.

**VEDLEGG:**

1. Skjematiske oppsett av delegasjonsreglement

**Skjematiske oppsett av delegasjonsreglement**

Heimel	Tema	SR	AU	PU	KV
<b>Personalarbeid</b>					
KI § 14	Oppretting/ nedlegging av stillingar/ overordna personalpolitiske planar	X			
KI § 14	Omgjering av stillingar		X		
KI § 14	Tilsetjing i stillingar/ oppseiling i stillingar (kan delegerast til AU)	X			
KI § 14	Gjennomføre intervju og innstille til tilsetting			X	
KI § 14	Inntak i vikariat/ inntak sesonghjelp				X
KI § 14	Gjennomføre tingingar/ fastsette løn/ godtgjersle		X		
KI § 14	Fastsetting av reglement	X			
KI § 14	Godkjenne persmisjon etter reglement/ avtalar				X
KI § 14	Godkjenne permisjon/ støtte/ utgiftsdekking i samsvar med opplæring- /utviklingsplan				X
KI § 14	HMS- arbeid, godkjenning av HMS- planar og gjennomgang av rapporter		X		
KI § 14	HMS arbeid – arbeidsgivars representant				X
KI § 14	Godkjenning av sentrale avtalar/ uravstemming/ val/ fråsegn til KA		X		
<b>Økonomiarbeid</b>					
KI § 14	Fastsetting av budsjett (innan 31.januar kvart år)	X			
KI § 14	Dagleg økonomiforvaltning innan fastsett budsjett. Ein kan sjå postar innan sama hovudformål samla				X
KI § 14	Disponere refunderte sjukepengar til vikarinntak				X
KI § 14	Gje tilskot til kyrkjelege arbeid innan ramma av budsjett				X
KI § 14	Gjennomgang av reknesaksprognose ved utgong av mai og september		X		
KI § 14	Gjere vedtak om bruk av bundne fond	X			
KI § 14	Gjere vedtak om bruk av disposisjonsfond		X		
KI § 14	Avsette midlar til fond	X			
KI § 14	Fastsette rekneskapen	X			
KI § 14	Budsjettendringar inntil 20.000 innan same funksjon				X
KI § 14	Budsjettendringar overstigande 20.000 innan same funksjon		X		
KI § 14	Foreta overføringer mellom budsjettets hovedpostar utan å endre budsjettbalansen				X
<b>Kyrkjegard/ gravferdslov</b>					
Gfl §§ 1-3	Kyrkjegardsplanar	X			
Gfl § 6	Gravlegging av person frå annen kommune				X
Gfl § 7	Tilvise og gje løyve til opning av grav				X
Gfl § 7	Godkjenne flytting av gravlagt	X			
Gfl § 13	Utviding av frist for gravferd etter død				X
Gfl § 14	Inngå avtale om feste				X
Gfl § 16	Om overføring av feste				X
Gfl § 17	Sette i verk naudsynne tryggingstiltak				X
Fgfl § 12	Festsette tid for gravferd				X
Fgfl § 13	Godkjenne avvik frå minstekrav grav, overdekking, mm.				X
Fgfl § 26	Varsle eigar/ sete i verk tiltak for å bringe gravminne i tråd med lov, føresegner og vedtekter				X